

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	16.2.10	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Per Dale, Anne Karin Buene, Olav Grønsberg, Bente Steine, Osvald Turlid.

Vara-medlemar Ingen

Andre Håkon Øydvin og Harald Skjerdal. Terje Terum frå grunneigarlaget for villreinvald møtte under sakene 5-6/10.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
1/10, 2/10, 3/10, 4/10, 5/10, 6/10, 7/10.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.2.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 1/10. Referat og meldingar

- 1) Møtebok frå fjellstyremøtet den 2.12.09
- 2) Årsrapport 2009 – SNO Aurland
- 3) Minimumsteljing av rein i Nordfjella den 12. februar
- 4) Brev frå Villreinutvalet for Nordfjella: Jakt på villrein sør for Bergensbana?
- 5) Ernst & Young, revisorstadfesting
- 6) Norges fjellstyresamband: Landsmøtet 10.-11. juni 2010 – val
- 7) Statskog SF: Bleia – Storebotnen landskapsvernområde, erstatningsspørsmål
- 8) Brev frå Aurland fiskeadministrasjon om fiskekortsalet i 2009
- 9) Øvre Buskerud jordskifterett – orientering om tinglysing i grensegangsak for Hallingskarvet Nasjonalpark
- 10) Motteke tilskot frå regionalt oppsynsutval til friluftstiltak for born i 2009
- 11) Referat frå val av hjorteutval i Aurland kommune
- 12) Innkalling til årsmøte i Aurland Setjefisk BA den 16. mars
- 13) Møtebok frå styremøte i villreinutvalet for Nordfjella 18. januar

Aurland, den 17.2.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene
og -varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.2.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 2/10. Fjellstyret si årsmelding for 2009

Utkast til årsmelding låg føre.

Samrøystes vedtak:

Årsmeldinga vert godkjend slik ho føreligg, med følgjande tillegg under kapittel 5 om rein og reinsjakt: *"Fjellstyret innførde dette året, i samarbeid med grunneigarlaget, ei ordning der ein premierer jegerane som skyt dei minste simlene og kalvane – såkalla skrapdyr - ved at ein av dei, etter trekning, får tildelt fellingsløyve for simle/ungdyr og kalv til jakta neste år."*

Sak 3/10. Fjellstyrerekneskapen for 2009

Rekneskap og revisjonsrapport låg føre.

Samrøystes vedtak:

Rekneskapen for 2009 vert godkjend. Årsoverskotet på kr. 61.552 vert lagt til den frie eigenkapitalen.

Sak 4/10. Praksis omkring fellingsløyva for simle/ungdyr og kalv i Aurland statsallmenning

Saksutgreiing låg føre, saman med innkomne høyringsuttalar.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret innfører ei ny ordning for tildeling av fellingsløyva for simle/ungdyr og kalv. Kalvekorta skal ikkje lenger følgja simle-/ungdyrkorta, men tildelast for seg. Det skal lagast rutinar som sikrar at same søkjar ikkje får tildelt kalvekort to gonger på rad. Denne ordninga vil gjelda frå og med jakta i år.

Fjellstyret vil, i samband med revisjonen av forvaltingsplanen for statsallmenningen som skal gjerast seinare i år, vurderer dei andre retningslinene som gjeld for korttildeling og jakt, som t.d. jaktlagsordninga. Eventuelle endringar i forvaltingsplanen vil først ta til å gjelda i 2011.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.2.10

Stad: Fjordsenteret

Sak 5/10. Samjaktavtalen mellom statsallmenningen og dei private jaktfelta i Aurland

Saksutgreiing låg føre, vedlagt avtalen som har vore gjeldande dei siste 5 åra.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret sender samjaktavtalen, i den forma han har hatt dei siste 5 åra, over til grunneigarlaget for villreinvalid i Aurland, med sikte på å få avtalen godkjend for ein ny 5-årsperiode. Avtalen vert teken opp att i eit seinare fjellstyremøte til endleg godkjenning.

Sak 6/10. Samjaktavtalen mellom statsallmenningane i Nordfjella og ein del private jaktfelt

Saksutgreiing med utkast til samjaktavtale låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret sluttar seg til samjaktavtalen for Nordfjella for 3-årsperioden 2010-2012, slik han ligg føre no.

Sak 7/10. Val av medlem og varamedlem til interimstyre for hjorteutval i Aurland

Saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Bente Steine kom med framlegg om Osvald Turlid som medlem og Håkon Øydvin som varamedlem til interimstyret for hjorteutvalet.

Samrøystes vedtak:

Som medlem til interimstyre for hjorteutval for Aurland vert *Osvald Turlid* vald frå fjellstyret, med *Håkon Øydvin* som varamedlem.

Aurland, den 17.2.10

Utskrift til: Fjellstyremedlemene
og -varamedlemene,
Aurland folkebibliotek,
Grunneigarlaget for villreinvalid